

UTKAST TIL

Etiske retningslinjer for Bondeungdomslaget i Oslo

Basert på tilsvarende retningslinjer utarbeidd av Noregs Ungdomslag

Blir fastsett av lagsstyret X.X.22

Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) er tufta på eit frilyndt grunnsyn der vi har ein inkluderande samværskultur med trygge og rusfrie møteplassar, der alle blir møtt med respekt uansett alder, bakgrunn, politisk ståstad og livspraktisering.

Dei etiske retningslinjene til BUL er ei samanfating av den etiske praksisen og reglane for å overhalde desse.

Etikk handlar i denne samanhangen om kva som er rett og gale å gjere, og å kunne grunnegi handlingane innanfor det som samsvarar med lover, reglar og dei verdiane BUL bygger på. Lover og regelverk dreg opp grensene for dette på mange område, men ofte må skjøn bli brukt. Det inneber òg at etikk er å velje kva ein skal gjere ut frå verdiane, normer og eiga dømekraft.

Retningslinjene skal vere lette å forstå, relevante i kvardagen og vere forma slik at dei kan følgast i praksis.

- Etiske retningslinjer for BUL gjeld for medlemmar som deltek på øvingar, treningar og arrangement i BUL, tillitsvalde i BUL, tilsette i BUL og dei som på oppdrag representerer BUL.
- Alle medlemmar, tillitsvalde, tilsette og dei som på oppdrag representerer BUL, skal bli gjort kjent med dei etiske retningslinjene for BUL.
- Styret i BUL har ansvar for å gå gjennom og fremme endringar til oppdateringar og revidering av retningslinjene.

1) LIKEVERD OG INKLUDERING

- a) I BUL arbeider vi for at alle skal bli inkludert i organisasjonen.
- b) For å sikre det gode samhaldet i organisasjonen skal både medlemmar og tilsette vise respekt for alle menneske som deltek i aktivitetane våre, uavhengig av alder, kjønn og kjønnsidentitet, religion, livssyn, seksuell orientering, funksjonsevne, sosial status, etnisk tilhørsrel eller politisk ståstad.
- c) BUL tek avstand frå alle former for diskriminering, trakassering og mobbing.

2) SETTE GRENSER

- a) Tilskippingar (øving/trening/arrangement og liknande) i regi av BUL skal vere trygge og sosiale samlingsstader på tvers av generasjonar. Alle skal utvise respekt for kvarandre sine grenser. Ingen skal utsette andre medlemmar for fare.
- b) Seksuell trakassering, seksuell overskridande oppførsel og seksuelle overgrep er uakseptabelt. Om dette skjer på ei tilskipping i regi av BUL, skal retningslinjer for

handtering av seksuelle overgrep, grenseoverskridande oppførsel og trakassering i Noregs Ungdomslag [nyttast](#).

- c) BUL skal arbeide aktivt for å skape ein attraktiv, rusfri samværskultur. Alle tilskipingar i regi av laget/særlaga skal vere rusfrie.

3) ROLLEOPPFATNING OG HABILITET

- a) Alle tillitsvalde og tilsette skal vere medvitne den makta og påverknaden dei har i relasjon til andre, og ikkje misbruke den tilliten dei har i kraft av vervet eller stillinga si.
- b) Alle som deltek i handsaminga av ei sak i eit av styra, BUL-kontoret eller andre nemnder og utval i BUL, skal sjølv vurdere habilitet og om hen er inhabil i ei sak. Dersom du anten sjølv har eigeninteresse eller har eit nært slektskap eller forhold til nokon av partane med eigeninteresse i utfallet av saka, er du inhabil og skal ikkje delta i handsaminga av saka.

4) FORVALTARANSVAR OG ØKONOMISK ANSVAR

- a) Alt økonomisk arbeid i BUL skal bli utført ærleg og reieleg og utan korrupsjon.
- b) Det skal vere synleg at dei økonomiske midlane til organisasjonen og administrasjonen blir forvalta på ein ansvarleg måte.

5) OPENHEIT I ORGANISASJONEN

- a) BUL skal vise openheit i vedtak og prosessar. Protokollar, referat og vedtak skal som hovudregel vere tilgjengelege for alle tillitsvalde og tilsette i organisasjonen. Ved handsaming av saker som inneheld sensitiv informasjon, kan styret vedta teieplikt for å sikre fortrulegheita til saka.

REAKSJONAR VED BROTT PÅ DEI ETISKE RETNINGSLINJENE

Brott på dei etiske retningslinjene kan bli meldt til styreleiar i hovudlaget BUL eller dagleg leiar. Brott på dei etiske retningslinjene vil føre til sanksjonar etter vurdering av kor alvorleg saka er. Dette kan medføre desse sanksjonane:

1. munnleg eller skriftleg åtvaring om å endre oppførsel
2. utestenging frå tilskipingar eller aktivitetar for ein avgrensa periode
3. tap av posisjon, oppgåver eller tillitsverv for ein avgrensa periode
4. eksklusjon frå arrangement, tap av posisjon, oppgåver eller tillitsverv Saker som fell under punkt 1, 2 og 3, blir handsama av arbeidsutvalet (AU) i BUL. I saker som fell under punkt 4, legg arbeidsutvalet (AU) fram saka til lagsstyret i BUL som gjer eit vedtak.

Styret i BUL kan suspendere medlemmar i BUL dersom ein person blir skulda, mistenkt eller meldt for alvorleg brott på retningslinjene til organisasjonen eller straffelova. Den det gjeld, kan bli suspendert frå arrangement, verv og oppgåver inntil saka er avklart med politi, rettsinstans og i organisasjonen. Suspendasjon vil stå inntil eit anna vedtak er fatta.

Eigne ombod på tilskipingar

På større tilskipingar kan det bli valt eigne ombod som deltakarane kan gi varsel til om andre bryt dei etiske retningslinjene til BUL. Mandatet til ombodet skal vere skildra i beredskapsplanen til tilskipinga.

Verneombod for Noregs Ungdomslag

Det er oppretta verneombod for Noregs Ungdomslag som medlemmar kan melde inn saker til som omhandlar seksuelle overgrep, grenseoverskridande oppførsel og trakassering, og brot på HMT/HMS-regelverket. Verneomboda skal vere ein nøytral kontaktperson og kan bistå medlemmar i kontakta med sitt lokallag der dei føler dette er vanskeleg.

Verneombod per 22.11.2020 er:

Bjørn Arve Moen, styremedlem: tlf. 994 34 665

Solveig Brekke Hauknes, kulturrådgjevar NU-kontoret: tlf. 473 98 764

Rettleiing og kontaktinfo for medlemmer i Idrottslaget

Medlemmer i IL er også knytt til Norges Idrettsforbund (NIF) og kan bruke retningslinjer, [retteleiar](#) og varslingskanalar som er utarbeidd av NIF.